

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland
Arkivsaksnr.: 09/623-15

Arkiv: L00 &40

Interkommunalt byggjetilsyn

Innstilling frå rådmannsgruppa

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik vedtek å leggja byggjetilsynstenesta til Sogn Brann og Redning (SBR) IKS frå 1.7.2011.

1. Samarbeidskommunane etablerar og garanterar for ein 100% stilling med arbeidsområde byggetilsyn lagt til SBR IKS.
2. Kostnadsfordelingsmodellen bør vere 1/3 likt fordelt, 1/3 etter folketal og 1/3 etter tal byggjesaker.
3. Etableringa bør inngå i rekruttering av stilling for å gjennomføre tilsyn etter brannlovgiving. Dette ved at det vert lyst etter to 100% stillingar med delt arbeidsområde branntilsyn og byggetilsyn.
4. Det bør vere ei målsetjing å få ordninga opp å gå frå 01.07.2011.
5. Byggesaksgebyr bør drøftast i fellesskap for ei viss samordning og regulerast opp for å finansiere ordning

Vedlegg:

1. Forprosjektrapport av 15. august 2009
2. Tilleggsrapport av 20. november 2010

Saksutgreiing

Bakgrunn:

Rådmannsgruppa tok initiativ til eit forprosjekt for utgreiing av interkommunalt byggjetilsyn i januar 2009. Bakgrunnen var nye lovkrav der kommunane sin plikt til å føra tilsyn vart skjerpa, spesielt der det føreligg ulovlege forhold. Oppgåvene krev høg kompetanse og samstundes vil omfanget av oppgåvene gje ein låg stillingsprosent om kommunane skal løysa dette kvar for seg.

Rådmannsgruppa er styringsgruppe for prosjektet.

Rapporten frå forprosjektet av 15. august 2009 vart presentert for styringsgruppe av prosjektleiar i møte 28. august 2009. Det vidare arbeidet vart deretter lagt på vent grunna prosessen med etablering av felles brann- og redningsselskap.

Fylkesmannen har tildelt fornyingsmidlar til forprosjektet og hovudprosjektet med totalt kr 200 000.

Regionrådet tok hovudrapporten om interkommunalt samarbeid om brann og redning til vitande i møtet 11. juni 2010, og ba om at kommunane også måtte vurdera samorganisering brann og redning med byggjetilsyn. Prosjektleiar for brann og redningssamarbeidet overtok prosjektleiinga av byggjetilsyn.

Kommunane Balestrand, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik har etablert selskapet Sogn Brann og Redning (SBR) IKS.

Vedlagt følger tilleggsrapport av 20.11.2010 som har fokus på rutinar for samhandling, stillingsomfang og finansiering. Rapporten viser til at byggjetilsyn og brannsyn er nær beslekta arbeidsoppgåver som har til felles at dei treng kompetanse innafor bygningskonstruksjonar og relevante tilhøyrande lover og forskrifter. Konklusjonen i rapporten er å leggje byggjetilsynstenesta til Sogn Brann og Redning IKS. Ved å leggja byggjetilsyn inn i dette selskapet vil relevant kompetanse bli samla, og fagmiljø med beslekta innhald vil vera til stades.

Tilleggsrapporten av 20.11.2010 vart drøfta av arbeidsgruppa brann og redning i møtet 22. desember 2010 og arbeidsgruppa har følgjande tilråding:

- dei fem samarbeidande kommunane etablerar og garanterar for ein 100% stilling med arbeidsområde byggetilsyn lagt til SBR IKS.
- kostnadsfordelingsmodellen bør vere 1/3 likt fordelt, 1/3 etter folketal og 1/3 etter tal byggjesaker.
- etableringa bør inngå i rekruttering av stilling for å gjennomføre tilsyn etter brannlovgiving. Dette ved at det vert lyst etter to 100% stillingar med delt arbeidsområde branntilsyn og byggetilsyn.
- det bør vere ei målsetjing å få ordninga opp å gå frå 01.08.11.
- byggesaksgebyr bør drøftast i fellesskap for ei viss samordning og regulerast opp for å finansiere ordning.

Vurdering:

Rådmannsgruppa drøfta saka i møtet 4. februar og tilrår at Sogn regionråd vedtek å leggja byggjetilsynstenesta til Sogn Brann og Redning IKS i samsvar med tilrådinga frå arbeidsgruppa brann og redning. Byggjetilsynstenester kan også seljast til kommunar utanfor selskapet.